

Kjære alle foreldre/føresette

Dei første skulevekene:

Vi er no i gong med fjede skuleveka av dette skuleåret.

På skulen har vi hatt ein roleg start og kome raskt i gong med både det sosiale arbeidet og læringsarbeidet. Vi har hatt vaksne på bussen nokre dagar. Berre skryt å få om åtferd på bussen! Dei eldste elevane hjelper dei yngste elevane. God og roleg stemning 😊!

Vårt mål er å jobbe med læringsmiljøet til elevane på alle plan heile tida. Vi håper at de tek kontakt med oss dersom det er noko de lurar på, ønskjer å diskutere, forslag til forbetringar eller anna de ønskjer å snakke med oss om.

I løpet av desse vekene er det gjennomført foreldremøte med nye førsteklasseforeldre, foreldremøte med 5.-6. klasse, utesymjinga er i gong, uteskule er i gong og læringsarbeidet inne er i gong. FAU og SU har og hatt sine første møter.

Kontakt med vaksne på skulen:

Vi nyttar Transponder som nytt meldingssystem. På foreldremøta vil vi vise korleis du kan laste ned app og ta i bruk Transponder dersom du ikkje har fått gjort det til no. Treng du rask kontakt i undervisningstida er det beste å ringe administrasjonen, andre vaksne og lærarar er i undervisning store delar av skuledagen.

Endringar:

Skuleslutt:

Skuledagen sluttar no likt for heile skulen. Ein og ein halv time etter skuletid tysdag og fredag har vi hatt eit opplegg for alle elevane på småtrinnet som vi har kalla «Ettermiddagsope/mentortime». Målet vårt var å ha eit tilnærma SFO-tilbod for alle elevane på småtrinnet der leik og læring var i sentrum, og elevane kunne få vere saman på tvers av klasser.

Slik situasjonen er no med soner, elevar i Kohorter, førebygging av smitte der tilsette må halde seg heime ved milde luftvegsinfeksjonar og ei redusert bemanning klarer vi ikkje å gjennomføre dette opplegget framover så lenge vi er på gult nivå.

Etter samtale med Skyss vil vi får skulebuss rett etter skuletid for 1.-4. klasse frå veke 39, → 22. september 2020. Vi ønskjer å starte opp att med «Ettermiddagsope» for småtrinnet når koronaperioden er over, men vi veit ikkje når dette kan skje.

Endringane frå veke 39 blir:

Endring tydagar og fredagar for 1.-4. trinn frå 22. september 2020.

- Skulendagen er ferdig **klokka 12.35**
- Bussen går **klokka 12.40**

Planleggingsdag:

Endra elevfri dag for elevane og planleggingsdag for skulen:

6. november 2020 er det i skuleruta satt opp elevfri dag; og planleggingsdag i barnehage og skule dette skuleåret. 11. juni 2021 er det satt opp planleggingsdag i barnehage. Skulen ønskja å flytte elevfri dag og planleggingsdag frå 6.11.20 til 11.06.21. Begge dagane er planleggingsdag for barnehagane.

SU gjekk for: *Skulen sin planleggingsdag blir flytta frå 06.11.20 til 11.06.21.*

Det betyr at 6. november blir en vanleg skuledag for elevane, og at elevane får fri 11.juni.

Ettermiddagsope for mellomtrinnet:

Etter skuletid kvar tysdag og torsdag er det tilbod om ettermiddagsope for elevane på mellomtrinnet. Sidan vi er samanslåtte klasser dette året er mellomtrinnet ein samarbeidande Kohort, og kan vere saman. På grunn av korona kan vi ikkje utvide tilbodet til småtrinne, som nemnt tidlegare. De kan lese meir om tilbodet på [heimesida](#) vår.

Dette tilbodet er eit prosjekt gjennom U.dir som kallast: « Nasjonal tilskuddsordning for å inkludere barn og unge 2020». Vi ønskjer å gje elevane eit tilbod etter skuletid der den sosiale samhandlinga er sentral. Ettermiddagsope er frivillig og elevane som vil vere med melder seg på frå gong til gong.

For å få eit variert tilbod treng vi litt hjelp! Kjenner du nokon/ kan du sjølv noko om båtpussing, karding og spinning, har eit småbruk vi kan kome på besøk på, vere med oss på fisketur, om du kan hjelpe oss med å lage mat til elevane eller andre aktivitetar hadde vi vore takksame om du tok kontakt med oss/tipsa oss om nokon som du tenkjer hadde vore midt i blinken til eit slikt oppdrag. Noko kan vi løne, men det meste må bli som ein dugnad. NB: Smittevern må takast omsyn til, nokre aktivitetar må gjennomførast når det er trygt ut frå smitteomsyn. Takksame for tilbakemelding!

Mvh

Linda Færestrand
- rektor-

Rektor: Linda Færestrand
Mobil: 90629025
Telefon: 56385503

Ternholmvegen 2
5337 Rong

www.tjeldsto.skule.no